



Bjørn Olav Tveit er fotballpappa og trener. Her er han i aktivitet under Spar Heio Cup. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**At fotballen i Uskedalen har vind i segla er det ingen tvil om. Det gikk tydeleg fram under årsmøtet til idrettslaget søndag. Jamn og god aktivitet var ein karakteristikk som gikk att, klar framgang var ein annan.**

Av årsmeldinga gikk det fram at det har vore treningar for aldersbestemte klassar frå 1. til 7. klasse og med tillegg av skulekameratane (dei som startar på skulen neste år).

Treningane har vore ute i sommarhalvåret og i hallen om vinteren.

1.-4- klasse har vore med på cupen og dei eldre i serien.

Spar Heio Cup hadde rekordmange deltakarar - 310.

Gruppa sto

i tillegg ansvarleg for gjennomføringa av sykkelrebusen og har hatt fotballpub i Dønhaugkjedlaren utan den heilt store oppslutnaden.

Medlemmer i gruppa har vore Jostein Hauso, Haldis Aakra,

Knut Johannes Ripel og

Anita Simensen. Haldis og Knut Johannes tar ikkje attval men har lova

å skaffa erstattarar. Nye medlemmer er Gunnar Leite, Silje Øye

og Hilde Borge Bringedal.

Trenarsituasjonen er stabil. Det er eit byte der Åge Myklebust tar ei

pause og Ivar Gundersen kjem inn. Dei andre trenarane er

Odd Steinar Arnesen, Bjørn Olav Tveits, Endre Myklebust,

Kjell Erik Taranger, Line Taranger, Jan Berntsen, Roar Musland  
og Tommy Eidsvik.

Knut Johannes har fått tak i eit opplegg for å styra lysanlegget på  
grusbana. Lars Haugland har brøytta bort snøen der i vinter. Fotballgruppa  
ønskjer nye mindre og flyttbare mål på denne bana.

Av Ola Matti Mathisen.